

UL Heimhug -revygruppa

REKNESKAP 2017

Tekst	Inntekter	Utgifter
Kiosk 3 forestillingar nov. -2016 (bet. via VIPS)	1 641,62	
Sponsorinntekt programhefte til Revy nov. -2016	1 750,00	
Honorar for speleoppdrag i 2017	8 500,00	
Konsert Markus & Lid 28.01.2017 - billettinntekt	3 600,00	
Inntekter Bar, konsert 28.01.	1 667,25	
Studieforbundet for kultur og trad.– Revy 2016	8 200,00	
Studieforbundet for kultur og trad. – Zumba 2016	2 185,00	
Lindås kommune, kulturmidlar til drift 2016	12 000,00	
Lindås kommune, kulturmidler til «Nesbøruta» 2016	12 500,00	
Lindås kommune, kulturmidlar til drift 2017	8 000,00	
Utbet. Studieforb. i 2016 overf. til Hjelmås Mannskor		8 460,00
Utbet. Studieforb. i 2016/17 overf. til Zumba		11 530,00
UL Heimhug – del av faste utgifter i 2017		10 000,00
Honorar til Lars V.Sørhus for tekstskriving høst 2017		9 975,00
Hjelmås Handelslag, innkjøp til konsert 28.01.17 m.m.		6 635,37
Avgift skjenkeløyve konsert 28.01.2017		340,00
Honorar til Markus & Lid, konsert 28.01.2017		10 000,00
Bankgebyr		33,00
Renteinntekt bank	19,00	
Sum	60 062,87	56 940,37
«Overskudd» regnskap 2017		3 089,50
Beholdning 01.01.2017	40 297,73	
«Overskudd» 2017	3 089,50	
Beholdning 31.12.2017	43 387,23	

Kassen er fordelt slik pr. 31.12.2017:

Kontanter kr 8 077,00
 Bank kr 35 310,23
 kr 43 387,23

Merknad:

Det er ikkje overført betaling frå hovedlaget for forestilling på høstfesten i 2016 kr 8000,- ??
 Det er utbet. kr 1800,- i jan. 2018 frå Studieforbundet for tekstskrivingskurs høst 2017.
 Ellers har det i 2017 vore gjort ein del overføringar mellom hovedkasse, revykasse og Hjelmås
 mannskor. Dette gjeld stønader, og div. andre inntekter/utlegg i 2016 som har kome i «feile»
 kassar, og ikkje har vorte overført tidigare.

Årsmelding revygruppa 2017

Ingen revyframsyningar i 2017, men revygruppa har ikkje lagt på latsida for det.

9.januar var Ragna og Signy på Seniortreff for tilsette i Lindås kommune på Thon Hotel Sandsli.

9.september var dei to tøttene på ramsalt kafe i regi av songkoret Alvidt/Manger.

På den offisielle opninga av storstova i juni song me Storstovesongen saman med Hjelmås mannskor og barnekoret + Sniglus Vulgaris sketsjen/sangen.

Ragna har også opptreidd på Meland mållag sitt 100 års jubileum, utan Signy, men med tante Olga. Elles er Ragna støtt og stadig ute med rullatoren sin søom fjorden og kastar glans over studentar på Høgskulen.

Revygruppa har også opptreidd i fire store dagar for våre egne. Kristin var først ut med 50 års feiring i ungdomshuset, og der fekk ho song og monolog frå scena + at dei gamle damene stakk innom på ubeden visitt.

Inger Helen vart også 50 og slo til med konsert og fest i sjølvaste Storstova før den var offisielt opna. Revygruppa var på scena med innslag både på konserten og festen. På konserten song me Storstovesongen saman med Hjelmås Mannskor. På festen fleire ulike innslag, og utpå kvelden vart det ei ekstra stor overrasking då dei gamle damene, i ein litt yngre versjon, kom og inntok festen for å sei nokre sanningsord om den svere jubilanten.

Even Westervik feira 30 år med rullatormeisterskap i Kringlebakken. Ordføraren i eigen høge person m.fl stilte til start og kasta som vanleg glans over arrangementet.

Hilde fylte 40 og feira i ungdomshuset. Der stilte revyen opp med song om sangfuglen Hilde, og Ragna og Signy klarte ikkje å halde seg vekke der heller...

Ny revyframsyning: Hausten 2017 begynte revygruppa skrivinga for neste revy, me fann fort ut at tida vart for knapp til å lage ein revy om hausten, så neste revy er planlagt til 10.mars 2018. Me har møttest om lag kvar sundag frå midten av august til ut november for idemyldring og tekstskriving.

Økonomi: viser til tal frå kasserar.

Styreform: Styreformen vår er som før, med eit visst ansvar fordelt mellom Inger Helen Midtgård, Kristin Rongevær og Anne Rose M. Westervik. Kristin har vore revyen sin representant i styret.

02.02.18

For revygruppa

Anne Rose M. Westervik